

Saksnr 10/17	Utval Formannskapet	Møtedato 04.04.2017
15/17	Kommunestyret	20.04.2017

## **FERJESAMBAND STORD - KVINNHERAD: FORPROSJEKT FOR FERJESTØ DJUPAVIKNESET OG AVKLARING AV VIDARE PLANARBEID**

### **Framlegg til innstilling:**

Kommunestyret tek forprosjekt for ferjestø Djupavikneset til vitande og ser denne lokaliteten som uaktuell for nytt ferjestø for sambandet mellom Stord og Kvinnherad.

Kommunestyret ser utfordringar for Sunnhordlandsregionen framover gitt m.a. endringane i kommune- og fylkesstruktur. Ein må i endå sterkare grad vektleggje tiltak som kan binde regionen tettare saman og styrka samarbeidet mellom kommunar og næringsliv.

Kommunestyret vil delta i ein planprosess for framtidig ferjesamband mellom Kvinnherad og Stord der ferjestø på begge sider av fjorden vert vurderte. Kommunestyret viser likevel til dei avgrensingar som ligg i tidlegare vedtak.

Kommunestyret peiker på at det i første rekkje er alternativ på Kvinnheradsida som ikkje er utgreidde for ferjesambandet Stord-Kvinnherad. Kommunestyret meiner at alternativ nærare Husnes må vurderast. Berre ei innkorting av den samla reisetida mellom senter i kommunane kan etter kommunestyret sitt syn forsvara å på ny vurdere nytt ferjestø på Stord-sida.

Ein vidare planprosess bør primært setjast i gang som ein interkommunal planprosess, subsidiært ein regional planprosess. Tidsaspektet er avgjerande for valet. Planarbeidet må må ta opp i seg dette:

- Kortare overfartstid (fart vert vekta høgare enn miljøgevinst)
- Redusert samla reisetid mellom Leirvik og Husnes
- Frekvens
- Finansiering

Det må vera eit vilkår at det er vilje til å finansiera eitt til to nye ferjestø med tilførselsveggar. Stord kommunestyre ser det ikkje som aktuelt å finansiera utbygginga med bompengar.

### **Saksprotokoll i Formannskapet - 04.04.2017**

#### **Innstilling**

Kommunestyret tek forprosjekt for ferjestø Djupavikneset til vitande og ser denne lokaliteten som uaktuell for nytt ferjestø for sambandet mellom Stord og Kvinnherad.

Kommunestyret ser utfordringar for Sunnhordlandsregionen framover gitt m.a. endringane i kommune- og fylkesstruktur. Ein må i endå sterkare grad vektleggje tiltak som kan binde regionen tettare saman og styrka samarbeidet mellom kommunar og næringsliv. På sikt vil eitt tiltak vera at kommunane jobbar saman for fastlandssamband mellom Kvinnherad og E39

Kommunestyret vil delta i ein planprosess for framtidig ferjesamband mellom Kvinnherad og Stord der ferjestø på begge sider av fjorden vert vurderte.

Kommunestyret viser likevel til føringane i tidlegare vedtak i saka om ikkje å ta i bruk ny, uberørt strandsona til føremålet.

Kommunestyret peiker på at det i første rekkje er alternativ på Kvinnheradsida som ikkje er utgreidde for ferjesambandet Stord-Kvinnherad. Kommunestyret meiner at alternativ nærare Husnes må vurderast.

Berre ei innkorting av den samla reisetida mellom senter i kommunane kan etter kommunestyret sitt syn forsvara å på ny vurdere nytt ferjestø på Stord-sida.

Ein vidare planprosess bør setjast i gong som ein interkommunal planprosess. Tidsaspektet er avgjerande for valet. Planarbeidet må ta opp i seg dette:

- Kortare overfartstid
- Redusert samla reisetid mellom Leirvik og Husnes
- Frekvens
- Finansiering

Det må vera eit vilkår at det er vilje til å finansiera eitt til to nye ferjestø med tilførselsveggar. Stord kommunestyre ser det ikkje som aktuelt å finansiera utbygginga med bompengar.

## **Handsaming**

Samrøystes tilrådd

\*\*\*\*\*

Lene Pilskog, Ap kom med framlegg til endringa av andre avsnitt, slik det ligg føre i innstillinga.

Harry Herstad, Ap kom med framlegg til endringa av tredje avsnitt, slik det ligg føre i innstillinga.

Jakob Bjelland, Sp kom med framlegg om å endra første setning i femte avsnitt, slik det ligg føre i innstillinga.

Geir Angeltveit, V kom med framlegg om å fjerne teksten som står inne i parentes i første strekpunkt i femte avsnitt, slik det ligg føre i innstillinga.

\*\*\*\*\*

Rådmannen sitt framlegg til innstilling:

Kommunestyret tek forprosjekt for ferjestø Djupavikneset til vitande og ser denne lokaliteten som uaktuell for nytt ferjestø for sambandet mellom Stord og Kvinnherad.

Kommunestyret ser utfordringar for Sunnhordlandsregionen framover gitt m.a. endringane i kommune- og fylkesstruktur. Ein må i endå sterkare grad vektleggje tiltak som kan binde regionen tettare saman og styrka samarbeidet mellom kommunar og næringsliv.

Kommunestyret vil delta i ein planprosess for framtidig ferjesamband mellom Kvinnherad og Stord der ferjestø på begge sider av fjorden vert vurderte. Kommunestyret viser likevel til dei avgrensingar som ligg i tidlegare vedtak.

Kommunestyret peiker på at det i første rekkje er alternativ på Kvinnheradsida som ikkje er utgreidde for ferjesambandet Stord-Kvinnherad. Kommunestyret meiner at alternativ nærare Husnes må vurderast. Berre ei innkorting av den samla reisetida mellom senter i kommunane kan etter kommunestyret sitt syn forsvara å på ny vurdere nytt ferjestø på Stord-sida.

Ein vidare planprosess bør primært setjast i gang som ein interkommunal planprosess, subsidiært ein regional planprosess. Tidsaspektet er avgjerande for valet. Planarbeidet må ta opp i seg dette:

- Kortare overfartstid (fart vert vekta høgare enn miljøgevinst)
- Redusert samla reisetid mellom Leirvik og Husnes
- Frekvens
- Finansiering

Det må vera eit vilkår at det er vilje til å finansiera eitt til to nye ferjestø med tilførselsveggar. Stord kommunestyre ser det ikkje som aktuelt å finansiera utbygginga med bompengar.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 20.04.2017

## **Vedtak**

Kommunestyret tek forprosjekt for ferjestø Djupavikneset til vitande og ser denne lokaliteten som uaktuell for nytt ferjestø for sambandet mellom Stord og Kvinnherad.

Kommunestyret ser utfordringar for Sunnhordlandsregionen framover gitt m.a. endringane i kommune- og fylkesstruktur. Ein må i endå sterkare grad vektleggje tiltak som kan binde regionen tettare saman og styrka samarbeidet mellom kommunar og næringsliv. På sikt vil eitt tiltak vera at kommunane jobbar saman for fastlandssamband mellom Kvinnherad og E39

Kommunestyret vil delta i ein planprosess for framtidig ferjesamband mellom Kvinnherad og Stord der ferjestø på begge sider av fjorden vert vurderte.

Kommunestyret viser likevel til føringane i tidlegare vedtak i saka om ikkje å ta i bruk ny, uberørt strandsone til føremålet.

Kommunestyret peiker på at det i første rekkje er alternativ på Kvinnheradsida som ikkje er utgreidde for ferjesambandet Stord-Kvinnherad. Kommunestyret meiner at alternativ nærare Husnes må vurderast. Berre ei innkorting av den samla reisetida mellom senter i kommunane kan etter kommunestyret sitt syn forsvara å på ny vurdere nytt ferjestø på Stord-sida.

Ein vidare planprosess bør setjast i gong som ein interkommunal planprosess. Tidsaspektet er avgjerande for valet. Planarbeidet må ta opp i seg dette:

- Kortare overfartstid
- Redusert samla reisetid mellom Leirvik og Husnes
- Frekvens
- Finansiering

Det må vera eit vilkår at det er vilje til å finansiera eitt til to nye ferjestø med tilførselsvegar. Stord kommunestyre ser det ikkje som aktuelt å finansiera utbygginga med bompengar.

## **Handsaming**

Samrøystes vedteke

**Dokumentliste**

I	15.01.2010	Hordaland Fylkeskommune	Tilleggsutgreiingar og avklaring av vidare planprosess
I	10.06.2010	Kjell Egil Sæbø, Fjelberg Bygdalag	Sambandet mellom Kvinnherad og Stord
I	12.01.2011	Engelsen Bygg as v Wilhelm Engelsen	Fergeleie - Brattestø Gnr. 39/6700g 693 - Delegasjon Vegvesen
U	14.01.2011	Engelsen Bygg as v Wilhelm Engelsen	SV: Fergeleie - Brattestø Gnr. 39/670 og 693 - Delegasjon Vegvesen
U	14.03.2011	Statens vegvesen v/Erik Neergaard	Grunnundersøkelse - ferjeleiesaka
I	16.03.2011	Statens vegvesen, Region Vest	Varsling av grunneigarar om grunnundersøkingar
I	22.02.2012	Lars Hauge	Ferjestø - brev til ordførarane i Stord og Kvinnherad
I	25.02.2013	Hordaland fylkeskommune, Samferdselsavdelinga	Kommunedelplan for ferjesambandet Stord - Kvinnherad, tilleggsutgreiing (kopi av brev til Statens vegvesen)
I	11.03.2013	Statens vegvesen, Region Vest	Oversending av tilleggsrapport - ferjesambandet Stord - Kvinnherad
S	06.05.2013		Kommunedelplan for ferjesambandet Stord - Kvinnherad, tilleggsutgreiing
X	06.06.2013		Særutskrift - Kommunedelplan for ferjesambandet Stord - Kvinnherad, tilleggsutgreiing
U	25.06.2013	Bladet Sunnhordland	Kommunedelplan med konsekvensutgreiing for Fv 544 ferjesambandet Stord - Kvinnherad. Lokalisering av ferjeleie på Stord - tilleggsutgreiing av alternativ i Djupavik
U	25.06.2013	Adresseliste	Kommunedelplan med konsekvensutgreiing for Fv 544 ferjesambandet Stord - Kvinnherad. Lokalisering av ferjeleie på Stord - tilleggsutgreiing av alternativ i Djupavik
I	13.08.2013	Fylkesmannen i Hordaland, Kommunal og samfunnsplanavdelinga	Offentleg ettersyn - Stord - kommunedelplanplan - lokalisering av nytt ferjeleie på Stord
I	13.08.2013	Ølen Betong	Vedr. fergesambandet Stord - Kvinnherad
I	13.08.2013	Ølen Betong	Tilleggsutgreiing fergesambandet Stord - Kvinnherad
I	26.08.2013	W. Engelsen Ettf.AS	Tilleggsutgreiing av alternativ Djupavik
I	26.08.2013	Hordaland fylkeskommune	KDP for Fv 544, tilleggsutgreiing av alternativ i Djupavik - forseinka fråsegn frå HFK
I	26.08.2013	Stord Næringsråd	Høyringsuttale tilleggsutgreiing ferjesambandet Kvinnherad - Stord
I	29.08.2013	Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga	Kommunedelplan med konsekvensutgreiing for Fv 544 ferjesambandet Stord - Kvinnherad Lokalisering av ferjeleie på Stord - tilleggsutgreiing for alternativ i Djupavik
I	11.11.2013	Kvinnherad kommune v rådmann Trond Sætereng	Fråsegn Ferjesambandet mellom Stord og Kvinnherad - behandling av sak om ferjeleie
S	21.11.2013		Kommunedelplan med konsekvensutgreiing for Fv 544 ferjesamband Stord - Kvinnherad. Lokalisering av ferjeleie på Stord.
I	08.12.2013	Torunn Eikeland	Kvednaneset - utsetjing av saka
U	10.12.2013	Torunn Eikeland	Re: Kvednaneset-utsetjing av saka
I	13.12.2013	Halsnøysambandet v styreleiar Ole Torbjørn Holmedal	Uttale til Stord kommune frå Halsnøysambandet
I	17.12.2013	Hordaland Bondelag	Brev til Stord kommunestyre om nytt ferjeleie
X	16.12.2013		Kommunestyret og mange tilhøyrarar
I	17.12.2013	Arne Engevik, innbyggjar i Stord kommune, med rett til å meine....	Fergeleie kva skjer
I	13.12.2013	Statens vegvesen v Signe Eikenes	VS: Sambandet Kvinnherad - Stord
I	18.12.2013	Aksjonsgruppa mot ferjeleie på Kvednaneset	Nei til ferjeleie på Kvednaneset - 1420 underskrifter
I	11.12.2013	Ida Titlestad Sandvik	NEI til ferjeleie på Kvednaneset!
X	23.12.2013		Særutskrift - Kommunedelplan med

I	18.03.2014	Torunn Eikeland	konsekvensutgreiing for Fv 544 ferjesamband Stord - Kvinnherad. Lokalisering av ferjeleie på Stord.
U	25.03.2014	Torunn Eikeland	Spørsmål til ordføreren i Stord
I	03.07.2014	Svein Hatlevik	Viser til spørsmål sett fram som lesarinnlegg i avisa "kva skjer i saka om Kvednaneset?"
U	06.02.2015	Hordaland fylkeskommune v samferdselsjef Håkon Rasmussen	Ny fergekai i Leirvik sentrum
I	23.02.2016	Hordaland fylkeskommune, Samferdselsavdelinga	Sambandet Kvinnherad - Stord - moglegheitsstudie
S	11.03.2016		Ferjesamband Stord-Kvinnherad - Framlegg om utarbeiding av regional plan
I	26.04.2016	Hordaland fylkeskommune, Samferdselsavdelinga	Ferjesamband Stord - Kvinnherad - Framlegg om utarbeiding av regional plan
X	29.04.2016		Framtidig ferjesamband Stord - Kvinnherad - framlegg om forprosjekt
U	02.05.2016	Hordaland fylkeskommune, samferdselsavdelinga	Særutskrift Ferjesamband Stord - Kvinnherad - Framlegg om utarbeiding av regional plan
I	21.06.2016	Hordaland fylkeskommune, Samferdselsavdelinga	Framtidig ferjesamband Stord - Kvinnherad - framlegg om forprosjekt
U	22.06.2016	Hordaland fylkeskommune, Samferdselsavdelinga	Avrop rammeavtale for ferjesambandet Stord-Kvinnherad
I	22.08.2016	Hordaland fylkeskommune, Samferdselsavdelinga	Avrop rammeavtale for ferjesambandet Stord-Kvinnherad
U	24.08.2016	Hordaland fylkeskommune v 'Matti Torgersen'	Teknisk økonomisk forprosjekt Fv 544 Ferjesambandet Stord-Kvinnherad – Nytt ferjestø ved Djupavikneset - Oppnemning til fagleg arbeidsgruppe
I	05.09.2016	Hordaland fylkeskommune, Samferdselsavdelinga	SV: Teknisk økonomisk forprosjekt Fv 544 Ferjesambandet Stord-Kvinnherad – Nytt ferjestø ved Djupavikneset - Oppnemning til fagleg arbeidsgruppe
I	07.11.2016	Hordaland fylkeskommune, Samferdselsavdelinga	Teknisk økonomisk forprosjekt for Fv544 Ferjesambandet Stord-Kvinnherad- Nytt ferjestø ved Djupavikneset.
U	16.11.2016	Peder Sjo Slettebø, ordførar Kvinnherad kommune	Referat og presentasjonar 31. oktober forprosjekt Djupavikneset
I	12.12.2016	Samarbeidsrådet for Sunnhordland	Re: Kommunestyremøte 24.11.16
I	17.01.2017	Hordaland fylkeskommune, Samferdselsavdelinga	Ferjesambandet Kvinnherad-Stord
I	13.03.2017	Hordaland fylkeskommune, Samferdselsavdelinga	Oversending av rapport Teknisk forprosjekt ferjestø Djupavikneset - Stord
S	22.03.2017		Ferjesamband Stord-Kvinnherad - Oversending av sak i fylkesutvalet 22. februar
			Ferjesamband Stord - Kvinnherad: Forprosjekt for ferjestø Djupavikneset og avklaring av vidare planarbeid

## **Vedlegg**

- 1 Teknisk forprosjekt ferjestø Djupaviknesetet - Stord
- 2 Saksframlegg fylkesutvalet 22. februar 2017

## **Innleiing (bakgrunn for saka)**

På bakgrunn av vedtak i Fylkesutvalet i Hordaland og kommunestyra i Stord og Kvinnherad er det utarbeidd eit teknisk/ økonomisk forprosjekt for ferjesambandet Stord-Kvinnherad for nytt ferjestø ved Djupavikneset, Leirvik. Lokaliteten vart også utgreidd i 2011, men vart ikkje tilrådd den gongen av Hordaland fylkeskommune og Statens Vegvesen. I denne siste utgreiinga er det vurdert å byggje ut ei løysing i to trinn, der ein i første trinn skulle leia trafikken gjennom Leirvik sentrum, og i 2. trinn bygge tunell mot E39.

Eit ferjestø på Djupavikneset kunne gitt om lag 10 minutt kortare overfart. Rapporten viser at det truleg er teknisk mogleg å byggje eit ferjestø på lokaliteten. Delar av tiltaket er likevel i konflikt med planlagd avlaupsreinseanlegg, og vil kunne føre til fleire års utsetjing av anlegget. Store trafikale utfordringar både for trafikk gjennom Leirvik sentrum og ved ulike tunnelloysingar frå Djupavikneset mot noverande E39

samt underfinansiering av prosjektet, har medført at både fagleg arbeidsgruppe og politisk referansegruppe i prosjektarbeidet og fylkesrådmannen har konstatert at Djupavikneset er uaktuelt som ferjestø på Stord-sida.

Fylkesutvalet har handsama saka, og ser på innkorting av ferjesambandet som ei viktig regional sak som det må arbeidast vidare med. Fylkesutvalet gjorde slikt vedtak 22. februar (sak 29/2017):

1. *Fylkesutvalet viser til at rapport frå forprosjekt for ferjestø Djupavikneset, og ser denne lokaliteten som uaktuelt som ferjeløysing for innkorting av sambandet mellom Stord og Kvinnherad.*
2. *Fylkesutvalet ønskjer å setje i gang ein planprosess saman med kommunane Stord og Kvinnherad for framtidig ferjesamband mellom dei to kommunane der ferjestø på begge sider av fjorden vert vurderte. Om kommunane sluttar seg til dette, kan planen bli utarbeidd som regional plan etter Plan- og bygningslova § 8-1.*

Stord kommune er no beden om å ta stilling til forprosjektet og til framlegget om å utarbeide ein regional plan for sambandet slik det går fram av vedtaket.

Eit vidare planarbeid vil, etter fylkesutvalet sitt vedtak, vurdere ulike lokalitetar for ferjestø på begge sider av fjorden. Etter fylkesrådmannen si saksutgreiing inneber det ei ny vurdering av tidlegare forkasta alternativ på Stord-sida. Fylkesrådmannen legg vidare til grunn at ferjestø på Kvinnheradsida skal liggje på Halsnøy.

### **Saksutgreiing (fakta, saksopplysningar)**

Stord kommunestyre gjorde fylgjande vedtak 18. juni 2009 i samband med kommuneplan og konsekvensutgreiing for lokalisering av ferjeleie på Stord-sida:

1. *Stord kommunestyre meiner at Sævarhagsvikjo, Jektevik og Kvernaneset (alt. 2, 3 og 4), ikkje er aktuelle som lokalisering av nytt ferjeleie, som inneber at Skjersholmane og område nord for Djupavikneset vidare vert vurdert som framtidig ferjeleie på Stord-sida.*
2. *Stord kommunestyre ber om at Statens vegvesen utfører tilleggsutgreiingar av alternativ 1 – Djupavika, (området nord for Djupavikneset) der plasseringa vert sett i samanheng med planarbeidet for ny trafikkøysing for E 39 Heiane – Ådland og tilkomst il Leirvik sentrum samt at det vert sett på alternativ som er skånsam mot strandsona.*
3. *Kommunestyret føreset at tilførselsveg til ferjeleiet kan takast i bruk samstundes med ferjeleiet.*
4. *Det må i utgreiinga leggjast til grunn bruk av moderne, hurtige og miljøvenlege ferjer.*
5. *Stord kommune ber om at Statens vegvesen parallelt gjennomfører planarbeid for plassering av ferjeleiet på Kvinnheradssida.*
6. *Stord kommune vil arbeide for å betra snøggått - trafikktilbodet i Sunnhordland -bassenget.*

Statens Vegvesen kom med ei tilleggsutgreiing desember 2011 for ferjestø på Djupavikneset med tilkomstveg hovudsakleg i tunnel mot Vabakken ved kryss med E39. Kommunestyret gjorde fylgjande vedtak i sak PS 95/13 den 19. desember 2013:

1. *Kommunestyret vedtek å avslutta arbeidet med kommunedelplan og at Skjærsholmane inntil vidare vert oppretthalden som ferjeleie på Stordsida.*
2. *Kommunestyret ber om at Statens vegvesen utfører tilleggsutgreiingar for framtidige kryssingspunkt for ferjetrafikk mellom kommunane Stord og Kvinnherad basert på endeleg val av trase for ferjefri kyststamveg.*
3. *Kommunestyret ønskjer også å sjå spørsmålet i samanheng med planarbeidet for E39 over Stord med særleg vekt på trafiksikring og ein meir skånsom arealbruk for tilslutningsvegane knytta til dei ulike alternativ som vert fremja.*
4. *Kommunestyret ønskjer vidare dialog mot fylkeskommunen m.o.t. ein tidsplan for gjennomføring av prosjektet. Me ber fylkeskommunen vidare undersøka bruken av moderne raskare og miljøvenlege ferjer, og sjå på synergieffektar saman med t.d. Rogaland fylkeskommune.*
5. *Ein legg til grunn at tilleggsvurderingane (1 og 2) vert lagt ut på høyring før endeleg handsaming.*

Statens Vegvesen, Hordaland fylkeskommune og Kvinnherad kommune tilrådde ferjestø ved Kvernaneset.

I samband med planarbeidet for E39 Stord-Os, fekk fylkeskommunen utarbeidd ein moglegheitsstudie for fylkesvegsamband med tilknytning til ny E39 mellom Bergen og fylkesgrensa til Rogaland. Ulike alternativ

for ferjestø på sambandet mellom Stord og Kvinnherad vart vurderte. Kommunestyret handsama moglegheitsstudien i møte 18. juni 2015 i sak PS 36/15 og gjorde slikt vedtak:

1. *Kommunestyret tek moglegheitsstudien til vitande. Kommunestyret meiner at studien gjev gode innspel til det vidare planarbeidet for E39 Stord – Os med tverrsamband.*
2. *Kommunestyret ser det som uaktuelt å byggje nye ferjestø i Buvika/Kvednaneset-området, og ynskjer ikkje vidare utgreiing av dette alternativet.*
3. *Stord kommune ynskjer å arbeida for meir miljøvennlege og raskare ferjer på strekninga Stord – Kvinnherad.*
4. *KST meiner at moglegheitsstudien må inkludere eit framtidig samband mellom Skorpo på Tysnes og Kvinnherad.*
5. *Kryssing av E39 over Langenuen etter det sørlegaste alternativet vil kunna gi den beste regionale effekten for Sunnhordland. Spesielt vil ein då peika på moglegheiter for ein framtidig ferjefri/ ferjestø tilknytning av Kvinnherad mot E39 over Huglo/ Tysnes.*

Fylkesutvalet vedtok m.a. ved handsaminga av moglegheitsstudiet 27. august 2015 at innkorting av sambandet mellom Stord og Kvinnherad er sentralt for å utvikle Sunnhordlandsregionen, og bad fylkesrådmannen gå i dialog med Statens Vegvesen og Stord og Kvinnherad kommunar om korleis dette kunne løysast.

Kommunestyra i Kvinnherad og Stord slutta seg 28. april 2016 til å utarbeide eit teknisk/økonomisk forprosjekt for ferjestø på Djupavikneset. Fylkesutvalet gjorde vedtak om oppstart i juni 2016. Forprosjektet har hatt som mandat å vurdere utbygging av ferjesambandet i to trinn:

1. *«Etablere eit nytt ferjestø på Djupavikneset med utbetring av dagens vegsystem med gang- og sykkeltiltak inn mot Leirvik sentrum. Tilførsel til og frå ferjestøet vil gå langs noverande vegsystem gjennom Leirvik sentrum. Vidare leggje til rette for moderne og effektiv ferjedrift.*
2. *Etablere ei tunnelloysing frå ferjestø utanom Leirvik sentrum mot noverande E39. Vidare skal forprosjektet utgreie moglegheit for utbetring av flaskehalsar og trafikkfarlege punkt på fv.544 over Halsnøy fram til ferjeleiet på Ranavik. Vidare eventuelt behov for oppgradering av ferjestøet for å leggje til rette for moderne og effektiv ferjedrift.»*

Forprosjektet ligg ved saka. Den politiske referansegruppa fastslo i møte 6 desember 2016 at det ikkje var grunnlag for å gå vidare med og ferdigstilla utgreiinga. Hovudkonklusjonane frå det arbeidet som er nedlagt er oppsummert:

- Etablering av ferjestø på Djupavikneset er teknisk gjennomførbart, men vil medføre forseinkingar for utbygging av avlaupsreinseanlegg. Dette vil gå ut over tidsramma for eksisterande utsleppsløyve, og krevje ny søknad som må handsamast av Fylkesmannen.
- Anleggskostnadene for ferjestøet er førebels vurdert til ca. 200 mill. kroner (tunnelloysing mot E39 kjem i tillegg)
- Eit første utbyggingstrinn med å sleppe ferjetrafikken gjennom Leirvik sentrum er venta å medføre store trafikkproblem i Leirvik, vidare utgreiingar må omfatta tunnel mot dagens E39.
- Det er vurdert ulike prinsipploysingar for direkte tunnel/ veg frå ferjestø til eksisterande E39. Alle har arealmessige konflikhtar, og dei mest aktuelle alternativa har anleggskostnader på 400-500 mill. kroner.
- Flytting av ferjestø frå Skjærsholmane til Djupavikneset vil gi ca 10 min. kortare overfartstid, og det er grunn til å forvente avgang kvart 35. eller 40. minutt avhengig av framtidig ferjemateriell/ miljøstandard.
- Det er rekna på finansieringsalternativ basert på delvis bompengefinansiering. Bompengar saman med fylkeskommunale tilskott vil kunne finansiere investeringskostnader på om lag 200 mill. kroner til ferjestø med tilførselsvegnett (tunnel). Dette reknestykket syner ei vesentleg underfinansiering sett i forhold til stipulerte anleggskostnader på til saman ca 600-700 mill. kroner (ferjestø + veg/tunnel mot E39).
- Grunna at Kvinnherad kommune gjennom arbeidet med Kvinnheradspakka utgreier vegløyving over Halsnøy, har forprosjektet ikkje gått inn på denne delen av mandatet.

Når det gjeld vidare planprosess, skisserer fylkesrådmannen tre ulike alternative planprosessar:

- «Interkommunal plan. Det kan utarbeidast ein interkommunal plan på reguleringsplannivå etter Plan og bygningslova § 9-1. Det vil vere mogleg å føreta ei siling av ulike lokaliseringssalternativ i planprogramfasen, og deretter utarbeide reguleringsplan for ferjestø i planfasen. Fylkeskommunen kan påta seg å leie ein slik prosess dersom det er ønskjeleg. Dersom arbeidet blir starta opp i løpet av våren, kan vi forvente at planprogram med siling tidlegast vil kunne

come på høyring i slutten av 2017, med vedtak i kommunestyre og i fylkesutval i løpet av våren 2018. Det kan forventast at reguleringsplan med høyring kan utarbeidast i løpet av eit par år, dvs at godkjend reguleringsplan tidlegast kan forventast i løpet av 2019

- Regional plan. Det kan utarbeidast ein regional plan etter Plan og bygningslova § 8-1. Denne kan utarbeidast på kommunedelplannivå, dvs at planen kan avklare spørsmål som t.d. lokalisering av ferjestø, tilførselsveggar og driftsopplegg for ferje. I dette tilfelle er det fylkestinget som vedtek planen etter høyring m.a. i kommunane. Ein regional plan kan utarbeide føresegn som bandlegg eit konkret areal i inntil 10 år. Regional plan kan likevel ikkje nyttast som grunnlag for faktisk utbygging, men den aktuelle kommunen må få utarbeida og vedta ein reguleringsplan som grunnlag for bygging. Ein regional plan krev eit planprogram som må gå på høyring, noko som truleg kan gjerast i løpet av 2017. Planarbeidet tek minimum eit år før det går på høyring, slik at vedtak for ein regional plan kan i beste fall ventast i løpet av hausten 2018. Etter dette vil ein reguleringsplan kunne forventast å ta minimum to år inklusiv høyrings- og vedtaksprosess, dvs at plan tidlegast kan forventast ved slutten av 2020.
- Statleg plan. Staten har moglegheit etter Plan- og bygningslova § 6-4 2. ledd å utarbeide ein plan på reguleringsplannivå. Framdrift vil vere om lag som for tilfelle med interkommunal plan dersom ein går direkte på reguleringsplannivå»

## **Vurdering**

Teknisk/ økonomisk forprosjekt viser at å etablere nytt ferjestø på Djupavikneset vert kostnadskrevjande. Det gir også etter rådmannen sitt syn ei dårleg løysing med omsyn til trafikale utfordringar lokalt i Leirvik-området. Tiltaket er i konflikt med vedteken kommunedelplan om etablering av avlaupsreinseanlegg på området. Innkortinga av overfartstid på berre 10 minutt er marginal, og for lite til at ein klarer å etablere halvtimes-avgangar med to ferjer i sambandet. Rådmannen er samd i konklusjonen frå politisk referansegruppe og fylkesutvalet i at Djupavikneset er uaktuell lokasjon for ferjestø på Stord-sida.

Rådmannen meiner innkorting av ferjesambandet mellom Stord og Kvinnherad er viktig av fleire årsaker. Regionen vil bli ein meir funksjonell bu- og arbeidsmarknad, det vil styrka samarbeidet mellom dei to kommunane og Stord som regionsenter. Kortare overfart vil og kunne gje eit betre driftsopplegg på sambandet.

Rådmannen ser også utfordringar for Sunnhordlandsregionen framover gitt m.a. endringane i kommune- og fylkesstruktur. Stord og Sunnhordland er relativt svekka i høve til dei nyare og større kommunane i andre delar av fylket. Dette vert forsterka med den nye Vestlandsregionen, der Sunnhordland vert ein utkant. Kommunane må framover vektleggje tiltak som kan binde regionen tettare saman og styrka konkurransekrafta og samarbeidet mellom kommunar og næringsliv. Eit nedkorta samband mellom Stord og Kvinnherad vil vera eit slikt tiltak.

Ein plan for dette må omfatta ulike alternativ på begge sider av fjorden. I utgreiinga til fylkesutvalet heiter det at «Det er grunn til å peike på at uansett vil mest innkorta reisetid kunne bli oppnådd på Stordsida, ikkje på Kvinnheradssida». Rådmannen vil likevel peika på at ingen av dei utgreidde alternativa vil gi reisetid mellom Husnes og Leirvik ned mot 60 minutt, som er ei kritisk grense for pendleavstand. Nærast kjem alternativet Buvik-Klosterneset med ei reisetid på 70 minutt.

Rådmannen ser ikkje at det er grunnlag for å inkludera alternativ som alt er avviste kommunestyret i planarbeidet. Kommunestyret peikar i sitt vedtak på raskare ferjer som eit alternativ og eit framtidig samband mellom Skorpo på Tysnes og Kvinnherad. Vidare peikar ein på moglegheiter for ein framtidig ferjefri/ ferjestø tilknytning av Kvinnherad mot E39 over Huglo/ Tysnes. Planarbeidet bør vurderera alternativ nærare Husnes på Kvinnheradssida.

Det er vesentleg at det er mogeleg å realisera eit nytt prosjekt innanfor rammene for fylkesvegbudsjettet. Fylkeskommunen har lagt fram eit forslag til regional transportplan som prioriterer vedlikehald framfor nye vegprosjekt. Rådmannen ser det ikkje som aktuelt å bompengefinansiera eit nytt samband, noko som og går fram av utgreiinga på Djupavikneset.

Rådmannen deler ikkje fylkesrådmannen si vurdering når det gjeld vektinga av faktorane miljøomsyn og kryssingstid. Sambandet Kvinnherad og Stord har først og fremst utfordringar med reisetid. Vidare synest fylkesrådmannen å einsidig leggja vekt på overfartstid. Rådmannen meiner at samla reisetid mellom målpunkta Leirvik og Husnes må tilleggjast større vekt.

Rådmannen meiner at kommunestyret bør gå for ein interkommunal plan, som vil gje raskare gjennomføring. Ein meiner vidare at det er kommunane som bør vera planmynde i denne saka.



Subsidiært kan kommunestyret gje tilslutnad til at det vert gjennomført ein regional planprosess i fall Kvinnherad og fylket set dette som vilkår.

### **Konklusjon**

Rådmannen meiner Djupavikneset er uaktuell som nytt ferjestø for sambandet mellom Stord og Kvinnherad og gjer framlegg om at Stord kommunen deltek i ein planprosess for framtidig ferjesamband mellom Kvinnherad og Stord der ferjestø på begge sider av fjorden vert vurderte, med dei avgrensingar som ligg i tidlegare vedtak.

Det er i første rekkje er alternativ på Kvinnheradsida som ikkje er utgreidde for ferjesambandet Stord-Kvinnherad. Alternativ nærare Husnes bør vurderast. Berre ei innkorting av den samla reisetida mellom senter i kommunane kan etter kommunestyret sitt syn forsvara å på ny vurdere nytt ferjestø på Stord-sida.

Ein vidare planprosess bør primært setjast i gang som ein interkommunal planprosess, subsidiært ein regional planprosess. Tidsaspektet er avgjerande for valet. Planarbeidet må m.a. ta opp i seg følgjande:

- Kortare overfartstid (fart vert vekta høgare enn miljøgevinst)
- Redusert samla reisetid mellom Leirvik og Husnes
- Frekvens
- Finansiering

Det må vera eit vilkår at det er vilje til å finansiera eitt til to nye ferjestø med tilførselsvegar. Stord kommunestyre ser det ikkje som aktuelt å finansiera utbygginga med bompengar.